



Franzefoss Gjenvinning AS avd. Ulsteinvik
Postboks 53
1309 RUD

Løyve til sortering og omlasting av næringsavfall for Franzefoss Gjenvinning AS i Ulstein kommune

Løyve er gitt i medhald av lov om vern mot forureining og om avfall av 13.03.81 nr. 6, § 11 og § 16. Vilråa er gitt på side 2 til og med side 8. Endringar som bedrifta ønskjer, for eksempel med omsyn til art og mengde av lagra avfall, skal vere skriftleg avklara med fylkesmannen på førehand.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal bedrifta sende fylkesmannen ei utgreiing om verksemda sitt omfang slik at vi kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Bedriftsdata:

Bedrift	Franzefoss Gjenvinning AS avd. Ulsteinvik		
Stad/gateadresse	Smårisevadet 35		
Postadresse	Postboks 53, 1309 Rud		
Kommune	Ulstein		
Organisasjonsnummer (bedrift)	916012152		
Euref 89, UTM sone 32	nord: 6915636 aust:338980		
Gards- og bruksnummer	25/346		
NACE-kode og bransje	38.110 Innsamling av ikke-farlig avfall		
Saksnummer	Anleggsnummer	Løyvenummer	Risikoklasse ¹
08/4800	1516.0045.02	2010.112.T	3

Løyve gitt: 25.08.2010	Endringsnummer: 1	Sist endra: 29.03.2016
Anne Melbø (e.f.) fagansvarleg		Magnus Tornes overingeniør
<i>Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.</i>		

¹ Jf. forurensningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til statskassen for forurensningsmyndighetens arbeid med tillatelser og kontroll etter forurensningsloven

Rammer for løyvet

Løyvet gjeld mottak, sortering, mellomlagring og omlasting av næringsavfall. Løyvet er basert på ei årleg behandling av **inntil 8000 tonn** næringsavfall.

Mottak og mellomlagring av farleg avfall er regulert i særskilt løyve.

1.1 Avfall som kan takast imot

Følgjande typar avfall kan bli tatt imot:

A) Næringsavfall, under dette avfall frå:

- industriverksemd
- bygge- og anleggsverksemd

B) Grov- og finsortert materiale, under dette:

- plast/gummi inkl. bildekk
- jern/metall
- papir/papp
- glas
- treavfall

C) Restavfall som ikkje inngår i kommunen si innsamlingsordning frå hushaldningar

1.2 Avfall som ikkje kan takast imot

Følgjande typar avfall kan ikkje bli tatt imot:

- blanda hushaldsavfall, inkl. våtorganisk avfall
- farleg avfall
- risikoavfall
- mat-, fiske- og slakteavfall
- flytande avfall
- avløpsslam
- avfall som ikkje er omtala spesielt, men som etter konsesjonshavaren si vurdering kan føre til fare for forureining av resipient eller ulemper for nærmiljøet

1.3 Krav ved mottaket

Det skal vere ein driftsplan med driftsinstruks for anlegget.

Mottaket skal vere betjent i opningstida.

Avfallet skal utan unødig lagring sorterast og leverast vidare til gjenvinning eller godkjent forbrenning/deponi så snart eit passande transportvolum er oppnådd. Normalt skal dette gjerast i løpet av ei veke. Dersom det periodevis vil oppstå behov for lengre lagringsperiodar, må det utarbeidast eigne planar for dette som omfattar skildring av avfallsmengder og -typar, tidsrom, tiltak for å hindre forureining med vidare. Slik lagring må klarerast med forureiningsmyndigheita på førehand.

All lagring, sortering og omlasting av avfall skal skje innandørs på tett flate med fall til sluk.

Sorteringsanlegget skal ha system som sikrar at kjeldesortert avfall tilfredsstiller krav som følgjer av etablerte ordningar for materialgjenvinning av avfall, energigjenvinning i ulike forbrenningsanlegg eller deponering, jf. vedlegg II til avfallsforskrifta. Dersom det blir oppdaga ulovleg avfall inn til anlegget, må dette sorterast ut og underleggast ei forsvarleg miljømessig handtering. Avfallet kan enten returnerast til leverandøren eller så raskt som muleg sendast vidare til godkjent mottak. Leverandøren skal varslast om feilleveringa.

Konsesjonshavaren har plikt til alltid å holde sorteringsanlegget og områda omkring, inkludert næraste tilførselsvegar i orden og fri for forsøpling. Ryddeaksjonar skal gjennomførast etter behov.

1.4 Driftstider og kjøring av avfall

Ordinær driftstid for anlegget skal vere innafor tidsrommet mellom klokka 07 til klokka 19 måndag til fredag. Mottak, henting og utkjøring av avfall er tillate mellom klokka 07 og 18 måndag til torsdag og mellom klokka 07 og 16 fredag.

1.5 Kunnskap om avfall

Bedrifta skal ha tilstrekkeleg kunnskap om avfallet til å kunne behandle og lagre mottatt avfall, slik at det ikkje oppstår utslepp eller fører til skader på miljøet.

1.6 Informasjon til kundar

Verksemda skal gi kundane forsvarleg informasjon med omsyn til kva for typar avfall som er tillate å levere til anlegget. For å hindre ulovleg avfall til anlegget sitt mottak, blir den ansvarlege for anlegget pålagt å medverke til sorteringsordningar (f.eks. kjeldesortering) for dei kundane som genererer matavfall, miljøskadeleg avfall eller andre fraksjonar som ikkje kan leverast til anlegget etter vilkåra i løyvet.

2 Utslepp til vatn

2.1 Generelle vilkår

Bedrifta skal sørge for at handteringa av avfall ikkje fører til ureinande utslepp til vatn ved søl og lekkasjar og andre liknande diffuse utslepp.

Avløpsvatn skal ledast til kommunalt nett. Sanitæravløpsvatn skal behandlast etter dei krava som kommunen stiller.

2.2 Oljehaldig avløpsvatn frå lager, spyle- og vaskeplassar, verkstader og liknande

Alt oljehaldig avløpsvatn frå vask av bilar, tankar etc., samt eventuell avrenning frå sorteringsflate skal reinsast i sandfang og oljeavskiljar som er dimensjonert etter største belastning. Nedstrøms for oljeutskiljaren skal det vere ein inspeksjons- og kontrollkumme som gir mulegheiter for å ta prøver av avløpsvatnet utan at det er nødvendig å stige ned.

Vaskeplass for kjøretøy skal vere overbygd.

2.3 Avgrensingar av utslepp

Oljekonsentrasjonen i utsleppet frå oljeutskiljaren skal ikkje overstige 50 mg/l.

3 Utslepp til luft

3.1 Generelle krav

Bedrifta skal sørge for at handteringa av avfall ikkje fører til ureiande utslepp til luft gjennom avdamping ved søl og lekkasjar og andre liknande diffuse utslepp. Nødvendige tiltak må gjennomførast slik at det ikkje oppstår sjenerande lukt i omgivnaden frå lagra avfall.

3.2 Støy

For å unngå støvproblem i nærmiljøet, skal vegar og plassar gjerast reine regelmessig, eller andre støvreduserande tiltak skal settast i verk.

4 Støy

4.1 Avgrensing av bedrifta sitt støybidrag

Bedrifta sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller berekna som frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden:

Dag (kl. 07-19) LpAekv12h	Kveld (kl.19-23) LpAekv4h	Natt (kl. 23-07) LpAekv8h	Natt (kl. 23-07) LA1
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

Støygrensene gjeld all støy frå bedrifta si ordinære verksemd, inkludert intern transport på bedriftsområdet og lossing/lasting av avfall. Støy frå midlertidig bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

5 Avfall

5.1 Generelle krav

Bedrifta skal i størst muleg grad minimere avfall som blir til som følge av verksemda.

Bedrifta har ikkje løyve til å brenne avfall med mindre den har særskilt løyve frå Klima- og forurensningsdirektoratet.

Det skal finnast tilstrekkeleg forsikring eller annan finansiell sikkerheit som kan dekke kostnader knytt til opprydding, sanering og lovleg disponering av avfallet ved ei eventuell nedlegging. Den finansielle sikkerheita skal stå i samsvar med den avfallsmengda som til ei kvar tid er lagra. Informasjon om kva for sikkerheit som er stilt, skal sendast til fylkesmannen innan 3 månader etter at løyvet er gitt.

Alt avfall skal leverast etter gjeldande lover og reglar.

5.2 Krav til handtering

Konsesjonshavaren har plikt til alltid å halde sorteringsanlegget og områda omkring, inkludert dei næraste tilførselsvegane i orden og fri for forsøpling. Ryddeaksjonar skal gjennomførast etter behov.

For å unngå støvproblem i nærmiljøet, skal vegar og plassar gjerast reine regelmessig, eller andre støvreduserande tiltak skal settast i verk.

6 Beredskap mot akutt forureining

6.1 Førebygging av akutte utslepp

Bedrifta har plikt til å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt avgrense, risikoen for akutte utslepp. Tiltaka skal vere basert på systematisk gjennomgang av bedrifta si verksemd. Dette gjeld også bedrifta sin oljeutskiljar.

6.2 Beredskapsplan

Det skal lagast ein beredskapsplan med handlingsplan for tiltak ved mulege hendingar som brann, tilføring av ulovleg avfall, akutt forureining eller andre uventa hendingar som kan ha følgjer for miljøet.

6.3 Varslingsplikt

Akutt forureining eller fare for akutt forurensning skal varslas i samsvar med "Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forurensning". Dette skal vere skildra i bedrifta sitt internkontrollsystem.

7 Vidare undersøkingar og utgreiingar

7.1 Undersøkingar og utgreiingar

Vi kan seinare krevje at nødvendige undersøkingar for å kartlegge utslepp til vatn, støy eller avfallsbehandling blir gjennomført. Utgifter til slike undersøkingar skal dekkast av eigaren.

7.2 Systematisk risikoanalyse

Bedrifta skal gjennomføre ein systematisk risikoanalyse, der det blir fokusert på potensielle kjelder til forureining av det ytre miljøet. Utgreiinga skal ligge til grunn for bedrifta sin beredskap jf. 6.2 og aktuelle kapittel i internkontrollsystemet jf. 8.1.

8 Internkontroll med vidare

8.1 Internkontroll

Bedrifta har plikt til å ha eit internkontrollsystem som er oppdatert til ei kvar tid.

8.2 Halding av grenseverdier

Fastsette grenser for utslepp til vatn og for støy skal haldast innanfor dei oppgitte midlingstidene.

Bedrifta har plikt til, så langt som muleg, å hindre unormale driftstilhøve som gjer at utslepp over grensene oppstår, og til å redusere eller innstille drifta under slike tilhøve dersom det elles ville oppstå vesentleg større utslepp enn det som er normalt.

Bedrifta skal snarast varsle fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan gje opphav til forureining. Det skal også varslast om gjeldande grenser ikkje blir haldne.

9 Målingar av utslepp, rapporteringar

9.1 Risikoklasse

Verksemnda er plassert i risikoklasse 3.

9.2 Måling av utslepp og rapportering til forureiningsmyndighetene

Bedrifta skal gjennomføre kontrollmålingar av oljeinnhaldet i utsleppet frå oljeutskiljaren. Føremålet med målingane er å dokumentere at dei krava som er gitt, blir haldne. Bedrifta sin kontroll av eigne utslepp skal vere kvalitetssikra. Målingane skal gjennomførast minst 4 gonger i året, ein gong pr. kvartal. Måleprogrammet skal vere ein del av bedrifta sitt internkontrollsystem.

Bedrifta skal rapportere oppsummering av avfallsmengder og -typar inn og ut av anlegget, omfang og handtering av innslag av ulovlege fraksjonar i avfallet og skildring

av status for utslepp. Eventuelle avvik frå gjeldande krav og korleis avvik er følgt opp, skal også rapporterast. Rapporteringa skal skje elektronisk innan 01.03. påfølgande år til Altinn (www.altinn.no). Bedriftsnummeret skal nyttast ved rapportering.

9.3 Journalføring

Det skal først **dagleg oversikt (loggbok)** over kva slags avfall og kva for mengder som blir mottatt og passerer anlegget. Registrering av avfallet skal skje **på vekt**. Av loggboka skal det gå fram mengder og leveringsstader for utsorterte avfallsfraksjonar. Likeins skal mengder og mottaksanlegg for restavfallet vere oppgitt.

9.4 Miljøovervaking

Bedrifta skal bidra til alle relevante miljøovervaksingsprogram som blir drivne på industriområdet.

10 Utskifting av utstyr

Dersom verksemda skal foreta ei vesentleg utskifting av utstyr som gjer det teknisk muleg å motverke forureiningane på ein vesentleg betre måte enn da løyvet blei gitt, skal den ansvarlege på førehand gi fylkesmannen melding om dette, jf. § 19 i forurensningslova.

11 Forsikring

Bedrifta skal sørge for å ha tilstrekkeleg forsikring for det erstatningsansvaret den måtte pådra seg i si avfallsverksemd. Forsikringa må blant anna omfatte skade på person(ar), utstyr samt utgifter til opprydding, sanering og godkjent disponering. Forsikringa skal dekke skadar som aktøren som tar imot avfall er ansvarlig for etter gjeldande erstatningsreglar, avgrensa til eit beløp på kr 2 000 000 for kvart skadetilfelle. Forsikringa skal også dekke kostnader for utgifter knytt til eventuelt opphør av eige føretak, under dette forsvarleg disponering av eventuelt resterande farleg avfall som mottaket er ansvarleg for.

Forsikringa kan eventuelt erstattast av ein bankgaranti eller anna tilfredsstillande sikkerheit.

12 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir langt ned eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke forureiningar. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureiningar etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand sendast melding til fylkesmannen.

Ved nedlegging eller stans skal mottaket sørge for at lagra avfall med vidare blir tatt hand om på ein forsvarleg måte (jf. avfallsforskrifta). Dei tiltaka som blir treft i samband med dette, skal rapporterast til fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal innehalde dokumentasjon på disponering av restar av farleg avfall og namn på dei verksemdene som har overtatt avfallet.

Dersom ein ønskjer å ta opp igjen verksemda, skal det sendast melding til oss i god tid før planlagt oppstart.

13 Inspeksjonar

Bedrifta har plikt til å la representantar for forureiningsmyndigheita, eller dei desse gir mynde, inspisere anlegga til ei kvar tid.